



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Tone Bøyum / 55516792 17/140416-9 17/3067 – 17/35548 16.01.2018

Uttale – Mindre endring av reguleringsplan – Seim skule med utbetring av fv. 402 – Lindås kommune

Vi viser til offentleg ettersyn av reguleringsendring for *Seim skule med utbetring av fv. 402 (2011)*. Frist for uttale var 07.01.2018. Etter avtale har Statens vegvesen fått utsatt frist til 16.01.2018.

Statens vegvesen skal sørge for at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statelege planretningsliner for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vognormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert tekne i vare gjennom planlegginga. I denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport, deriblant trafikktryggleik, og som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen.

Statens vegvesen var i møte med kommunen 15.01.2018 og drøfta saka.

Statens vegvesen vurderer at trafikktryggleiken for mjuke trafikantar ikkje er tatt i vare gjennom planen slik det ligg føre i planframleggget. Med bakgrunn i at dette er ein skuleveg er vi særleg opptatt av at trafikktryggleiken for mjuke trafikantar og sikker kryssing av fylkesvegen.

Vår motsegn er knytt til vår rolle som statleg fagstyresmakt med sektoransvar for trafikktryggleik og framkome.

Bakgrunn:

Reguleringsplan for Seim skule regulerer skuleområdet på Seim med tilknytt veganlegg. Planen vart vedtatt i 2011. Dagens kryssløysing er ikkje i samsvar med godkjent reguleringsplan for

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Seim skule, og det er vurdert at den regulerte løysinga heller ikkje har ei tilfredstilande teknisk utforming. Kommunen har difor sett behov for å sjå på kryssløysinga på ny.

Etter at reguleringsplan for Seim skule vart vedtatt 2011, er det godkjent to nye reguleringsplanar som nyttar avkørsle / kryss mellom fv. 402 og privat veg Lurevegen. Desse planane stiller mellom anna krav om opparbeiding av kryss og trafikktryggingstiltak. Med bakgrunn i at dette er ein skuleveg er vi særleg opptatt av trafikktryggleiken for mjuke trafikantar og sikker kryssing av fylkesvegen.

Vi har i brev til Lindås kommune datert 15.09.2017 rådd til at deler av fv. 402 vert omregulert slik at ein mellom anna får vurdert strekninga samla, samt sikre samordning og gjennomføring av tiltak. Vi er difor nøgd med at kommunen no gjennomfører ein slik regulering.

Vurdering av dei tekniske løysingane i framlegget

Føremålet med framlagte endringar i reguleringsplan er å regulere ei trafikksikker løysing for kryssområdet mellom fv. 402, privat veg mot nord og veg til bustader og Seim skule mot sør.

Plankartet er endra på grunnlag av tidlegare skisser, som er diskutert i møte mellom Lindås kommune og Statens vegvesen. Plankartet viser eit kort fortau på nordsida av fv. 402, o_FT14, som koplar seg til eksisterande fortau langs privat veg Lurevegen. Dette fortauet gir ei trygg gangforbindelse for dei mjuke trafikantane i området, og opnar for å etablere eit trygt kryssingspunkt over fv. 402.

Etter vårt syn er endringane ei betring av løysingane som er vist i gjeldande reguleringsplan for området.




Fig: Del av plankart som syner kryssområdet og løysingar for mjuke trafikantar mellom Fv. 402 (o_KV1), KV11 og o_KV9. Del av anlegget til Seim skule ligg til venstre i plankartet.

Rekkefølgjekrav:

Planframlegget har ikkje sett særlege krav til rekkjefølge for gjennomføring av tiltak. Statens vegvesen vil stille som rekkjefølgjekrav at kryssområdet mellom fv. 402, o_KV9 og KV 11 må vere ferdig opparbeidd før det vert gjeve løyve til igangsetjing av nye tiltak som inneber endra

/ utvida bruk av kryss / avkørsle knytt til fv. 402 og sidevegane o_KV9 og K11. Kryssområdet slik det ligg i dag ivaretak ikkje trafikktryggleiken for mjuke trafikantar på ein god nok måte. Av omsyn til trafikktryggleiken er det difor viktig å sikre at trafikken i kryssområdet ikkje aukar før det er utbetra i samsvar med planen. Statens vegvesen meiner at tryggleik for skuleborna ikkje vert ivareteke før tryggingstiltaka er utført. **Vi fremjar motsegn til dette punktet.**

Avkørsleløyve for tiltak i reguleringsplanar som ikkje er del av planområdet:

Statens vegvesen vil vise til at reguleringsplan for Seim skule ikkje gjev områda som ligg utanfor plangrensa heimel til å nytte avkørsla frå fylkesvegen.

For tiltak utanfor planområdet må avkørsleløyve etter veglova §§ 40 – 43 vere gitt av Statens vegvesen før kommunen kan gje løyve til frådeling eller igangsetjingsløyve, jf. plan- og bygningslova §27-4. Statens vegvesen setter krav om at avkørsler er ferdig opparbeidd før vi gjev avkørsleløyve, for å sikre tryggleiken både for harde og mjuke trafikantar.

Handbok N100

Vi ber om at føresegner som nytter nemninga *Handbok 017* vert retta opp til *Handbok N100*.

Byggeplan

Vi gjer merksam på at før arbeid knytt til riks- og fylkesveganlegg kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar.

Oppsummert:

Statens vegvesen er i dette tilfellet særleg opptatt av trafikktryggleiken på ein veg som ligg i nær tilknyting til ein skule og som er nytta som skuleveg. Kryssområdet har i dag ikkje ein tilfredstillande utforming, og utbetring av krysset og sikker kryssing av fylkesvegen må vere opparbeidd før det vert gjeve løyve til ny bruk. Dette kan løysast gjennom eit forpliktande rekjkjefølgjekrav.

Vegavdeling Hordaland

Med helsing

Grethe Vikane

avdelingsdirektør

Kjell Erik Myre

fung. seksjonssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.